



Høringsfråsegn

FOR-1990-06-29-492

Forskrift om forenkla førelegg i vegtrafikksaker

Justis- og beredskapsdepartementet tek til orde for endring av *Forskrift om forenklet forelegg i vegtrafikksaker, FOR-1990-06-29-492*. Satsane for forenkla førelegg vert auka for brot på trafikreglane. Framlegget inneheld óg ei justering av lengda på den subsidiære fengselsstraffa trafikanten kan få, om han ikkje betalar.

Syklistenes Landsforening er samd med departementet at førelegga treng ein auke, særleg med tanke på lovbrot som gjeld høg fart og fare for trafikkskade. Vi har ikkje føresetnader for å vurdere på kva nivå satsane lyt ligge for å ha preventiv verknad, men meiner at lovbrot som gjeld høg fart med motorkøyretøy er viktigare å førebygge enn lovbrot som ikkje har same skadepotensial.

Vi er samd med departementet at berekninga av subsidiær straff treng justering, for at trafikanten ikkje skal kunne få for langt opphald i fengsel. Likevel er vi uroa for at den konkrete løysinga som er skildra i framlegget kan gje urimelege utslag.

Mjuke trafikantar, omfatta av § 1 punkt 11, kan gjere seg skuldig i mindre lovbrot utan å ha sett korkje seg sjølve eller andre trafikantar i fare. Sykling i strid med skilt 302, innkøyring forbode, er eit døme på lovbrot som i visse tilfelle gjev openberr fare, men i andre tilfelle ikkje gjer det.

Departementet set opp subsidiær fengsel på tre dagar for alle lovbrot som gjev førelegg med verdi opp til 5200 kr. Med utgangspunkt i det same dømet, vil personen som har sykla mot køyreretninga og ikkje betalt førelegget på 1750 kr, måtte vente seg tre dagar i fengsel.

Dette trur vi ikkje vil stå seg som ein rimeleg reaksjon. Vi vonar departementet finn ein meir høveleg metode for berekning av subsidiær fengselsstraff for dei minst alvorlege lovbrota. Vi har ikkje føresetnader for å vurdere om omrekning etter den alternative modellen med ein dag per 1000 kr løyser problemet på ein fullgod måte, men trur likevel det høver betre enn den løysinga som framlegget konkluderer med.

Syklistenes Landsforening stør framlegget på andre punkt, men tilrår at §3 om subsidiær fengselsstraff vert endra til ein modell som gjev lågare straff for lovbrot nemnt under punkt 11, køyring med sykkel eller liten elektrisk motorvogn.

Emil Rensvala
konstituert generalsekretær

Helle Beer Urheim
fagrådgjevar